



# Sjølvsykologi og gul dress

TEKST: INGJERD SKREDE

Tidlegare var det Grand Café, absint, for mange sigarettar og hemningslaust liv. I dag blir det snakka om overpronasjon, sportsteip og den mentale og fysiologiske gleda ved joggeturen. Forfattarmyten er definitivt i endring. Joggeturen til Vigdis Hjorth blir ikkje endra. Den sju kilometer lange runden på Nesøya gjentek ho kvar einaste dag og avsluttar med bad og øl. Dersom ho da ikkje blir avbroten for å snakke om ein romanfigur frå den gongen da flanering var meir tidstypisk enn jogging.

– Psykoanalysen er ein veldig litterær metode, det handlar jo berre om ord. Men eg er usikker på om psykoanalysen er ein tilstrekkeleg metode for å gjere greie for dei psykiske plagene folk har i dag. Vigdis Hjorth snakkar fort og har framleis restar av nyleg avslutta joggetur i røysta. – Eg kom i snakk med psykiater Christian Schlüter på Hamsundagane, og han gav meg boka *Selvets mysterier*, som han har skrive saman med Sigmund Karterud. I denne boka analyserer dei hovudpersonen Johan Fredrik Nagel frå Hamsuns *Mysterier* i lys av ein ny metode, nemleg sjølvsykologi. Dei meiner at han er ein narsissist, men eg er usikker. For kan han ikkje like gjerne vere ein posør? Kor psykisk sjuk er han eigentleg? Eg kunne tenkje meg å diskutere sjølvsykologi med Nagel.

Dei to psykologane argumenterer godt for at han har eit avvik i personlegdomen. Men la oss seie at Nagel er Hamsun sitt alter ego i ein periode av livet. Hamsun har alltid vore svært sikker på sitt eige talent. Det gir ein heilt eigen tryggleik. Denne tryggleiken har Nagel rett nok ikkje i boka, men samtidig er det noko som gjer at eg tviar på motløysa hans. Det er rett og slett altfor mykje Hamsun i han. Jau da, eg ser han blir fortvila når han skal hoppe i havet, men vi trur ikkje heilt på han. Det er ein vitalitet og ein energi i teksten som ikkje stemmer med den botnlause fortvilninga.

Psykologane les Nagel som om han var eit levande menneske, det er han jo naturlegvis ikkje, og eg synest dei undervurderer skapartalentet. Dei har ikkje med eitt einaste ord diskutert kor mykje eit stort talent, som Hamsun, har å seie for psyken. Eg skulle ikkje vorte overraska om Hamsun hadde mykje av Nagel i seg. Han kunne med vitande og vilje få alle sine fordømande blick mot seg. Likevel gjorde han det med ein heilt spesiell tryggleik fordi han visste at han hadde ordet i si makt. Ho tenkjer seg om eit kort augeblikk.

– Eg trur eg ville overraska Nagel på ein av turane hans i skogen. Kanskje ved havgapet. Han kastar jo overlevingsringen sin i vatnet, og blir etterpå fortvila over at han kasta ringen. Ja, og så har han kanskje på seg den gule dressen. Eg kunne kommentere den. Eg skulle kanskje vore 20 år yngre, eller 30, eller, nei forresten, han prøver seg på Martha. Ho er over 40 år, og har kvitt hår. Det er jo eit forsonande trekk ved Nagel.

Men korleis kunne du avsløre han?

– Han snakkar om kor fortvila han er, at han blir riven sund. Kom og set deg her, ville eg sagt, så kan vi snakke om det. Og eg skulle vore godt budd og ikkje vorte manipulert. Han manipulerer jo folk rundt seg. Dagny, Martha og Minutten. Alle. Eg ville vore litt meir utspekulert. Hamsun har jo late meg få innblikk i Nagel sine tankar, eg har så å seie vore på innsida av hovudet hans. Det har ikkje Dagny. Men eg er redd eg ikkje ville komme nokon veg. Likevel ville eg nok hatt ei meining om han verkeleg var fortvila og på randa av sjølv-mord, eller om det heile berre var eit velregissert skodespel. Men det kan jo vere ei blanding. Det er ofte ei blanding.



VIGDIS HJORTH er romanforfatter. Denne hausten kom den fjortande romanen hennar, *Tredje person entall*.

Foto: Siv Nærø